# LIGHTHOUSE/FUTUREDOME - arbeidstittel



*Lysinstallasjon/app/organisasjon*

*Om prosjektet:*

*Over fleire år har dette prosjektet gått seg til, og fått ulike tema knytt til seg. Ei lyssetting av Avinor sine to radarkuplar på Liatårnet på Sotra, kan framstå som kunstinstallasjonar åleine, men det er symbotikken bak som er spanande og som gjev moglegheiter.*

1. *Lyssettinga kan fungera som eit element under opninga av den nye flyplassen på Flesland, august 2017. Alle fly vil, på ettermiddag, kveld, morgon, sjå denne lyssettinga. Symboleffekten er at flyplassen vil få stor merksemd internasjonalt.*
2. *Lyssettinga har tittelen Lighthouse. Ei fyrlykt vert truleg det nye kommunevåpenet til den nye storkommunen som i dag består av Sund, Fjell og Øygarden kommune. Symboleffekten vil vera samlande for befolkninga i denne storkommunen.*
3. *Lyssettinga kan vera eit symbol for internasjonalt samarbeid mellom ungdom med fokus på solidaritet. Dette kan bli eit EU-prosjekt. Medlemar frå over ti land er allereie på plass.*
4. *Lyssettinga skal framstå som ein digital nyvinning, der ein kan styra og komponera lyssettinga kvar som helst frå i verda. Symboleffekten blir innovasjon.*

*Prosjektet vil sikra promotering og merksemd lokalt, regional og internasjonalt.*

**Lokalitet:** *To radarkuplar på Liatårnet som i dag er radarar for Avinor/Flesland lufthavn.*

*Kunstinstallasjon/Applikasjon som involverer heile EU-området saman med Flyktninghjelpen.*
*Look to Norway - Look to Fjell*

**Scenario 1:** *Innovative lyskunstnar lyssett radarane etter sin eigne idear og tankar. Lyssettinga blir berre avbrote av gjestekunstnarar - permanent eller ikkje? Supplert med live visning på Flesland lufthavn. Hovudverket i ny kunstfestival: Illuminating Fjell. Etablering av organisasjon som kan fronta og drifta prosjektet.*

**Scenario 2:** *Innovativ kunstnar lyssett etter bestilling, men supplerar med eigne idear. Rammane er: tematikk rundt 1. Flyktningstraumen i Europa; 2. Sykkelhjul til VM 2017. Supplert med live visning på Flesland lufthavn. Hovudverket i ny kunstfestival: Illuminating Fjell. Etablering av organisasjon som kan fronta og drifta prosjektet.*

**Scenario 3:** *Born/Unge (MOT i regionen) lagar kunst i Europa under tematikken «Flukt». Det vert utvikla ein applikasjon/nettside der born i kvart land samarbeider om å lage ein lyssetting av kuplane. Applikasjonen styrer robotlyskastere. Kan koplast på venskapsbyane til Krasno til å byrje med, samt nettverket i EU-prosjektet International Youth Meeting. Supplert med live visning på Flesland flyplass. Hovudverket i ny kunstfestival: Illuminating Fjell. Etablering av organisasjon som kan fronta og drifta prosjektet.*

*Supplere med konferanse om Flukt i Europa.*
*Invitere inn Yahya Hassan og fotograf frå Syria*

## Tenkt opning:

1. *Under opninga til Flesland lufthavn*
2. *Under Sykkel-VM 2017*

## Kunstaspektet:

*Den første kunstnaren skal vera av internasjonal storleik og ha stor kompetanse. Avtale om at den installasjonen skal vare i ein viss periode. Så skal ein ny anerkjend kunstar få sin installasjon opp. Det må opp ein enkel digital løysing der unge kunstnarar frå kvar som helst i verden, kan utforma eit forslag til installasjon. Ein slik installasjon blir vald ut til å kunna byta ut den «permanente løysinga, t.d. annakvar månad. Samarbeid med Kunsthøyskolen i Bergen, KODE, Bergen og oslo arkitekthøyskole, Bergen assembly, digitale ressursar etc. Kunstkonsulent i Fjell: June Olsen.*

## Humanitært aspekt:

*Kunstinstallasjonen vil setja regionalt, nasjonalt og internasjonalt fokus på flyktningproblematikken, solidaritet og det å ta ansvar.* Mål: Setja fokus på flukt og flyktningar i Europa, og bli eit fyrtårn for solidaritet.

*Under sykkel-VM vil ein slik lyssetting bli sett av besøkjande, samt 400 millionar tv-sjåarar (!). Promotering i ulike luftfartsmagasin, og anna media. Potensialet i å formidla eit viktig bodskap er difor utruleg stort, og prosjektet difor viktig.*

*Prosjektet bør vera eit MOT-prosjekt der eldre MOT-ungdomar frå Fjell, Sund og Øygarden står saman om å skapa solidaritet.*

*Eit slikt prosjekt vil og vera særs bra for prosessen med å skapa samarbeid på tvers av kommunegrenser. På den måten vil samhaldet mellom tre gamle kommunar, i ein ny storkommune, verta godt. Grunnlaget for stolthet over sin eigen (stor-)kommune, der basisen for innbyggjarane er solidaritet og mot, vil då vera velfundert.*

## Sotra kystby:

*Prosjektet skal knytast saman med Kystbyen som regionalt senter, samt Sartor VilVite, der ein ungdoms-HUB for Scenario 3 vil ha hovudsete. Prosjektet er lufta i arbeidsgruppe i prosess knytta til VilVite-senteret på Sartor Storsenter.*

## Kopling med friluftlivssenter/dome på Syltøyna:

*Domen blir ein future-dome, eit kraftsenter og base for innovasjon, glokalitet, økologiske perspektiv i ein region som no må tenkja nytt.*

- *Forskningssenter*
- *Metereologi*
- *Friluftsliv*

- *Kunst*
- *Senter for menneskerettar*

## Kartlegging av utfordringar:

- *Økonomi - Flesland lufthavn, Liegruppen, Sartor storsenter, CCB, VNR, Fjell kommune, Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Fylkesmannen i Hordaland.*
- *Lysforureining - kontakte Fylkesmannen*
- *Avtale med Avinor/Flesland Lufthavn om tilgang, og eventuelt drift/straum.*

## Prosessløp

Våren 2016

Moglegheitsanalyse:

- Møte med, og forankring av prosjekt, hos Flesland lufthavn. Avklaringar.
- Avklaringsmøter med Fylkesmannen i Hordaland og Plan og utbyggingssjefen om løyve
- Nyttiggjering av funstkonsulent/fagkompetanse
- Forankring politisk ved sak til KDF i mai
- Søknadsskriving/Sponsor
- Kople nettverk

Hausten 2016:

Utviklingsfase:

- Kople nettverk
- Finne profesjonell aktør, bestille verk og underteikna avtale!
- Driftsmodell
- Utvikle applikasjon/Nettside med program for skaping av lysinstallasjonar.
- Sak i Fjell kommune om tilskot.
- Ferdigstilling av program
- Installering og produksjon av verket
- Installering av skjerm på lufthavn, Vilvite, andre stader.
- Uttesting av installasjon

Sommar/haust 2017: Opning

## Viktige linkar:

*http://www.hongkongfp.com/2015/06/29/chinese-company-uses-smoke-art-to-warn-of-air-pollution-dangers/*

*http://domeofvisions.dk/*

Søknadsmoglegheiter:

1. *april*

*http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/Kultur/Tilskot-kunstprosjekt-og-kulturtiltak-profesjonell/*

1. *april*

*http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Skjema2/storre-prosjekt-med-regional-verdi/*

*Ulriken Lysdans - kontaktperson: Jørgen Blitzner -* jorgen@blitzner.net